

# Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 1

januar 2005

Årgang 15

**Velkommen til lokalkappleik  
og runddansstemne 2005**



Ola Fjørto (1868-1946)

Vestre Slidre Folkemusikk og Danselag

- Program for lokalkappleiken!
- Årsmøtet i Valdres Folkemusikklag – eit besøk verdt?
- Soga om kvifor fem ordførarar hamna på springarkurs
- Siste nytt frå Folkemusikkscena i Valdres
- Skal du melde deg på Landskappleiken eller Landsfestivalen?
- [www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no)

## GODE LESAR AV LÅT O' LINK!

### *Valdres har alt!*

Iallfall har Valdres vore innom det meste av tenkjelege folkemusikk- og danseaktivitetar. Då Valdres Folkemusikklag skulle presentere seg på heimesida, vart det mange punkt å ta med når all aktivitet i og utanfor laget skulle nemnast. Slå opp på sida sjølv og sjå: [www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no).

Ein kavalkade frå fyrste landskappleiken her i 1957 fortel om pionerverksemnd innanfor tilsetjing av speleinstruktør, oppretting av folkemusikkarkiv, folkemusikknemnd (i dag Valdres Folkemusikklag), distriktsmusikkarordning, folkemusikkline, folkemusikk i musikkskulen, lønte sekretærar. Biletkavalkaden fortel om tre landskappleikar, landsfestivalen, fleire austlandskappleikar, munnhørpefestivalar. Det fortel om 45 år med Jørn Hilstemnet, åtte år med Strunkeveko, mange år med lokalkappleik og runddansstemne, konserttrekkjer på folkemusikkscena, femten år med medlemsbladet Låt o' Link, eiga organisering av dei unge gjennom I Valdrestakt, Krullarkro, valfag på vidaregåande.

Vidare fortel bileta om eit museum som alltid har satsa på denne greina av levande kulturarv og har skapt sitt eige sentrum, eit folkemusikkhus som kjerne for arkiv, instrumenthelse og organisasjonsliv. I botnen ligg dei utrøytelege slitarane: lokallaga der alle kan trø takta og rotfeste seg i tradisjonen.

Som de skjønar, det er årsmøtetid. Vfl og lokallaga skriv årsmelding, og det er tid for å sjå siste året i perspektiv. Og då er det jammen artig òg å sjå det i eit halvt hundreårs perspektiv! Siste året har forlengt meritlista, og det ser ut til at komande år og 2006 kjem til å gjera det same. Likevel er det ikkje desse perlene i kjeda rundt halsen til Folkemusikk-Valdres som er dei viktigaste, sjølv om dei blenkjer og syner best. Det er så klart *kjeda* ein har å takke for at perlene held seg på plass og skapar godt mønster, og det er *kjeda* som avgjer om nye perler skal få plass, og om dei vil halde mønsteret i komande femti år og meir. Det er ingen stor prosent av dei 18 000 innbyggjarane i regionen som er aktive pådrivarar i folkemusikkmiljøet, og det seier ein del om innsatsen og interessa dykkar! Ein stor takk for at de dannar den sterke kjeda!

Ein blir ikkje undrande om eit sterkt framstormande plateselskap som ta:lik er skapt av valdrisar. Når LfS vil nå ungdomen med nye eksponeringsmåtar, t.d. fleire sjokoladekappleikar (les i siste utgåve av folkemusikk.no), blir ein ikkje forundra over at Valdres (Strunkeveko) er blant dei fire plassane der dette har det vore utprøvd. Og kva er vel meir naturleg enn å leggje fyrste finalen i den nasjonale tevlinga Intro-folk til Jørn Hilme-stemnet?

Jau, konklusjonen blir nok: Valdres har det meste!

*Oddrun Hegge*

## **PROGRAM FOR KAPPLEIK OG RUNDDANSSTEMNET 2005 i VESTRE SLIDRE**

Kl. 14.00	Stemnekontoret opnar
Kl. 15.00	Tevlingane startar Rekrutt og junior: spel og song <i>Påmelding innan kl. 16.00</i>
Kl. 18.00	Dans rekrutt/junior/lag senior <i>Påmelding innan kl. 18.00</i>
Kl. 19.00	Premieutdeling
Kl. 19.30	Andre tevlingar senior <i>Påmelding innan kl. 19.00</i>

Premieutdeling

Villdans

Klasseinndelinga får du på stemnekontoret.

### **DOMMARAR**

Spel:	<i>Engebret Ringen, Geir Harald Fodnes og Ola Grihamar</i>
Song, eldre folke- musikkinstrument	
og open klasse:	<i>Berit Selland, Endre Hemsing og Sigbjørn Ødegård</i>
Dans:	<i>Bjørg Berge, Ellen Persvold og Ola Hjelle</i>

### **DELTAKARAVGIFT/INNGANG**

Rekrutt/t.o.m. 11 år:	gratis
Junior/12-18 år:	kr 50,-
Senior/over 18 år:	kr 100,-

### **ÅRSMØTE I VALDRES FOLKEMUSIKKLAG**

på Mediateket på Slidretun barne- og ungdomsskulen i Slidre fredag 11. mars kl. 19.00. Kvart lag har to utsendingar, men alle medlemmer er velkomne til å koma og ta del i debatten.

## KLASSEINNDELING PÅ LOKALKAPPLEIKEN I SLIDRE 12.MARS 2005

Klasse nr:	Aktivitet:	Merknad:
<b>Rekrutt:</b> (til og med det året dei fyller 11)	1 Spel eller song åleine 2 Spel eller song i gruppe eller lag 3 Dans åleine eller i par 4 Lagdans	
<b>Junior:</b> (frå og med 12 år til og med 18 år)	5 Song åleine 6 Spel langeleik eller <u>eldre</u> FMI åleine 7 Spel hardingfele eller fele åleine 8 Spel durspel eller <u>nyare</u> FMI åleine	Eldre FMI = fløyte, munnharpe, bukkehødn, lur, osv.  Nyare FMI = trekkspel, gitar, munnspele, balalaika, osv.
	9 Song, langeleik eller <u>eldre</u> FMI i gruppe eller lag 10 Hardingfele, fele, durspel eller <u>nyare</u> FMI i gruppe eller lag.	Eldre FMI = fløyte, munnharpe, bukkehødn, lur, osv.  Nyare FMI = trekkspel, gitar, munnspele, balalaika, osv.
	11 Dans åleine eller i par 12 Lagdans	
<b>Senior:</b> (frå og med 19 år)	13 Song åleine 14 Spel langeleik eller <u>eldre</u> FMI åleine 15 Spel hardingfele eller fele åleine 16 Spel durspel eller <u>nyare</u> FMI åleine	Eldre FMI = fløyte, munnharpe, bukkehødn, lur, osv.  Nyare FMI = trekkspel, gitar, munnspele, balalaika, osv.
	17 Song, langeleik eller <u>eldre</u> FMI i gruppe eller lag 18 Hardingfele, fele, durspel eller <u>nyare</u> FMI i gruppe eller lag.	Eldre FMI = fløyte, munnharpe, bukkehødn, lur, osv.  Nyare FMI = trekkspel, gitar, munnspele, balalaika, osv.
	19 Lagdans 20 Lausdans 21 Pardans: Runddans 22 Pardans: Valdresspringar	Ingen påmelding Ingen påmelding Ingen påmelding

NB !

Ikkje eigne gjesteklasser

Ikkje eigne klasser for dei over 60 år (D-klassingar)

## TRISPANN PÅ FOLKEMUSIKKSCENA I VALDRES

Neste konsert på Folkemusikkscena i Valdres blir torsdag 7. april, med gruppa Trispenn; Aasmund Nordstoga, Linn Korssjøen og Åsmund Reistad.

Trispenn presenterer vokalstoff frå mangfaldet av norske folketonar. Dei har viser, stev, bånsullar og religiøse folketonar på repertoaret. Trioen har også stofftilfang frå Sverige.

Trispenn arrangerer alt stoffet sjølve, og har mykje fleirstemt song på repertoaret - akkompagnert av gitar, kontrabass eller mandola. Av og til hentar gruppa element frå andre musikksjangrar. Ein finn alt frå djupt religiøse salmar, til lettbeinte viser av det humoristiske slaget.

Meir info: <http://nordstog.hos.online.no>

Solveig Hårdnes

## NYTT FRÅ INSTRUMENTVEKSTADEN

Me produserer strenger for Rudi i Øystre Slidre på fjorde året nå, for langeleik og hardingfele, og det har vore interessant. Sigvald Rørlien har fått tebod om spanande arbeid på Ole Bull-akademiet på Voss og har sagt opp stillinga hjå oss. Her på verkstaden driv me elles med reparasjonar, justering av instrument, håring av din boge, sal då det du måtte trenge åt instrumentet ditt. Det vert litt tid til å laga nyt, og hardingfele etter Olav Vikens modell kan leverast dette året, langeleikar 3/4 og full størels, og ei 3/4 rekrutthardingfele finst på lager. Det har vore noko sal då instrument til lokallaga, delfiniansert med hjølp då musikkverkstadordninga i Norsk musikkråd.

*Me talast, helsing Knut og Oddrun!*



*To unge karar som  
kan stryke på  
strenger:  
Andris Hemsing og  
Philip Holman,  
som kallar gruppa si  
for Valborg (Valdres  
og Sarpsborg).*

# PRIMSTAVEN MARS - JUNI 2005

## **Mars**

Fredag 4.	Fredagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Onsdag 9.	I skumringstima	Vå	Frydenlund kl. 18–19
Fredag 11.	Årsmøte	Vfl	Medieteket i Slidre kl. 19
Laurdag 12.	Lokalkappleik/ runddansstemne	VS/Vfl	Slidre samfunnshus kl. 15 (påmelding frå kl. 14)
Sundag 13.	Kyrkjekonsert m/Bente	VS	Slidredomen kl. 19.30
Sundag 13.	Krullarkro	Vfl	Valdres folkehøgskule kl. 19
Sundag 20.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Onsdag 23.	Påskefest	ØS	Spelemannstogo ca. kl. 20
Onsdag 30.	I skumringstima	Vå	Frydenlund kl. 18–19

## **April**

Fredag 1.	Langeleikkonsert og fredagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19.30
Torsdag 7.	Folkemusikkscena	Vfl	Fagerlund Hotell kl. 20
Laurdag 9.	Yngretreff	Vå/ØS	Skrautvål skule kl. 11
Sundag 10.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Onsdag 13.	I skumringstima	Vå	Frydenlund kl. 18–19
Helga 16.-17.	Songseminar: "Med søkelys på valdrestradisjonen	ØS	Valdres Folkemuseum
Tysdag 19.	Dans og spel	Va	Tørpeskulehuset kl. 19
Fredag 22.	Dansefest	Vå	Slidrehuset, museet kl. 20
Sundag 24.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Onsdag 27.	I skumringstima	Vå	Frydenlund kl. 18–19
Laurdag 30.	Følkekøbb	VS	Fossheim Hotell kl. 20

## **Mai**

Fredag 6.	Fredagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Sundag 15.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Helga 26.-29.	Folkemusikkdagane	Ål	Ål kulturhus
Fredag 27.	Dansefest	Vå	Slidrehuset, museet, kl. 20
Sundag 29.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19

## **Juni**

Fredag 3.	Fredagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 20
Sundag 12.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19
Sundag 19.	Sundagsdans	ØS	Spelemannstogo kl. 19

# KURS I LAGA

## *Begnaljom*

- Speløvingar på Bagn skule desse datoane: 4. mars, 1. april, 22. april, 13. mai og 10. juni. Bjørkestubben begynner kl. 18, og frå kl. 19.30 er det fellesøving for alle aldersgrupper. Trygve Bolstad er instruktør.
- Toradargruppa har øving kvar torsdag kl. 19 i Gamle banken, Bagn.

## *Vestre Slidre folkemusikk- og danselag*

- Langeleikjentene spelar på sjukeheimen desse datoane: 4. mars, 15. april, 6. mai – alle dagar kl 17.30. Lise Lunde Brenhagen er leiar.

## *Vårflaumen*

- Springarkurs i Ulnes kvar tysdag t.o.m. 8. mars, og toradarkurs same stad.
- Annankvar onsdag kl. 18 (ut april) har Berit Schippers ”I skumring-stima” på Frydenlund i Aurdal – eit songtilbod for born mellom 4 og 10 år.
- Onsdagar kl. 18 har Gustav Berger og Steinar Erland Bakken halling-kurs på Fagernes gamle skole.
- Felespelarane møtest hjå Kjellbjørn Karsrud, Sylvsmedvegen 44 på Leira, desse dagane: 10. og 24. mars, 14. og 28. april, 12. og 26. mai, 2. og 16. juni, alle dagar kl. 19. Dei understrekar at utøvarar frå andre lag er velkomne til å vera med dei på øvingar, med tanke på gruppespel eller lagspel på Landskappleiken.

## *Øystre Slidre spel- og dansarlag*

- Instruksjon i hardingfele annankvar torsdag frå kl. 19.00, samspel frå kl. 20.00.
- ”Mehanken” barnegruppe med song og songleikar (frå 4 – 7 år) Kvar laurdag i på Volbu skule. Kontaktperson Marit Mattisgard
- ”Låt o’ leven” på Midtre Hegge skule. 10.3., 14.4., 12.5., 9.6. Eit tilbod for alle i kulturskulen på folkemusikk, og andre interesserte ein gong i månaden! Instrumentundervisning, dans og sosialt samvær. Hardingfele, fele, langeleik, toradar, munnharpe og halling.
- Langeleik, song og toradar: Kontakt Jorunn Nordli på tlf. 418 02 584 for meir informasjon.

Drypande ferske nettsider: [www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no)

## **VALDRES FOLKEMUSIKKGRUPPE**

tek store og små oppdrag.

Kanskje noko i samband med jubileet for unionsoppløysinga?

### **Faste medlemmer av gruppa:**

-Trygve Bolstad, hardingfele

-Magne Olav Selland, hardingfele, munnharpe og fløyte

-Ole Aastad Bråten, langeleik og dans

Ved ymse arrangement bruker vi musikkarar og dansarar i tillegg.

Kontakt: Jon Gjesdal tlf 97 14 33 20

eller [jon.gjesdal@nord-aurdal.kommune.no](mailto:jon.gjesdal@nord-aurdal.kommune.no)

## **USOLIDARISK SPELEMANNSHOW**

Laurdag 25. februar var det utdeling av spelemannsprisen 2005, og dei fremste musikkarane i landet var samla til fest i Oslo Spektrum. Diverre vart showet, som var direktesendt på TV2, nok ein stor fadese. I staden for å side-stille sjangrane og gje dei nominerte utøvarane lik merksemd i tv-sendinga refererte dei prisane til folkemusikksjangeren og fleire ”marginale” klasser i forbifarten, til fordel for fjllete pauseinnslag og ikkje minst dei fåpelege reklamesuttane i denne kommersielle kanalen.

Dette er provoserande overfor folkemusikkmiljøet, som jo har gjeve namn til det etter kvart så useriøse TV-showet. Kvifor skal til dømes artistar som ikkje er nominerte, få dyrebar sendetid på bekostning av dei nominerte artistane? Kvifor blir fleire klasser degraderte på denne måten? Noregs store musikk- og artistparty bør vise takhøgd og solidaritet med alle musikksjangrar. Folkemusikk-Norge består ikkje av ein gjeng naive burhanar og -høner. Folkemusikkarane arbeider seriøst med sin musikk på linje med alle andre musikkar og musikksjangrar.

Nei, folkemusikkameratar i heile Valdres; sei meininga di og fyr oppunder bålet slik at den eksklusive leiinga for spelemannsprisen får noko å tenke på. Vi vonar dette blir siste fadese frå den kanten!

***Knut Aastad Bråten og Aud Søyland – blir du med?***

Drypande ferske nettsider: [www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no)

## KRULLARKRO KALLAR

Neste krullarkro er sundag 13. mars. Kurshaldar og spelemann er framleis Knut Aastad Bråten og brørne Kjellbjørn Karsrud og Jogrim Søyland. Vi held til i nedste tømmerbygningen på Valdres Folkehøgskule på Leira. Springardansinga byrjar klokka 19.

I tillegg til å danse springar kan vi love fersk bakst frå Kjellbjørn og Jogrim. Dei diskar opp med mors bollar.

No er du vel ikkje lenger i tvil? Ta med deg kompisen og bestevenn-inna og kom på Krullarkro!

## BENTE HEMSING AKTUELL PÅ CD OG SCENE



Like før jul kom cd-en til Bente Hemsing ut, "Solé sprett – salmar, sull og slått". Plata inneheld tradisjonsstoff frå Vang i vest til Sør-Aurdal i aust, og varierer frå stillfarne lydarlåttar og religiøse tonar til høgtidsam jubileumsmarsj og drivande dansespel.

Hallgrim Berg gav plata god kritikk i avisa Valdres, og det fortener ho. Bente og medmusikantane Ragnhild, Elbjørg, Andris og Endre Hemsing, Helge Norbakken, Anders Røine, Stein Erik Tafjord, Harald Høyvik og Rune Glimsdal har skapt fine og til dels originale arrangement som gjer plata både spennande og god for øyret.

Torsdag 24. februar var Bente aktør på Folkemusikkscena i Valdres, dvs. på Fagerlund Hotell, saman med døtrene Elbjørg og Ragnhild, sonen Andris, Harald Høyvik og Philip Holman. Der fekk publikum mellom anna høyre tonar frå den nye plata, men det vart også klassisk fiolinspel og ikkje minst jazz med karfolket. Dei vel femti tilhøyrarane fekk ei flott konsert-oppleveling med vare stemningar, høg kvalitet, humor og teknisk felespel.

Sundag 13. mars blir Bente saman med Elbjørg, Ragnhild og Andris igjen å høyre her i Valdres, på kyrkjekonsert i Slidredomen dagen etter lokal-kappleiken. Dei som tek turen, kjem neppe til å angre på det.

*Aud Søyland*

### **Landbruksforsikring**

Vi kan ordne alle forsikringar  
for gardbrukarar,

- **Boligbus**
- **Driftsbygningar**
- **Lasser**
- **Husdyr**
- **Trektøvar**
- **Ulykke**

Ta kontakt med din lokale  
sparebank eller Torbjørn  
Langådegård ved vårt felles  
salgskontor på Fagernes



### **Private forsikringar**

Vi kan ordne alle forsikringar  
for privatkundar

- **Boligbus**
- **Bilar**
- **Fritidseiendommar**
- **Motorsykkel / moped**
- **Reiseforsikring**
- **Verdigjenstandar**

Ta kontakt med din lokale  
sparebank. Hvis du ikkje er  
kunde i ein av sparebankane så  
ta kontakt med vårt felles  
salgskontor på Fagernes

### **Livsforsikring**

Vi kan dekke alle dine behov  
for forsikring av liv og helse

- **Ded**
- **Uførskapital**
- **Ufeerpensjon**
- **Operasjonsforsikring**
- **Kritisk sjukdom**
- **Ranaforsikring**

Ta kontakt med din lokale  
sparebank. Hvis du ikkje er  
kunde i ein av sparebankane så  
ta kontakt med vårt felles  
salgskontor på  
Fagernes



Etnedal Sparebank

– tlf. 61121500 – [www.etnedalsparebank.no](http://www.etnedalsparebank.no)

Vang Sparebank

– tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)

Vestre Slidre Sparebank

– tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)

Øystre Slidre Sparebank

– tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)

Salgskontor Fagernes

– tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)

## **ORDFØRARAR PÅ SPRINGARKURS**

No skal du få høyre korleis det hadde seg at fem valdresordførarar begynte på springarkurs i Ulnes. Jau, ordførarane har sett seg som mål å vera med på landskappleiken på Røros no i sumar. Korleis du og alle andre skal få glede av å oppleva dei dansande ordførarane, er enno ikkje avklara, men truleg blir det eit eige ordførarlag under lagdanstevlinga torsdag. Det kan me i så fall kalle godt regionalt samarbeid!

Mellom 15 og 20 entusiastiske nybyrjarar (nokre har tjuktrena!) har vore med på kurset sidan byrjinga av januar, i tillegg til dei fem valdresordførarane. Spelemannen på kurset har vore og er Kjellbjørn Karsrud. Broren, Jogrim Søyland, har også vore der med toradaren sin. Kurshaldarane er Ellen Persvold og Knut Aastad Bråten.

Me held på i to timer kvar tysdagskveld. Innimellan terping av rundsnu, skjeftistak og sviving har me ei lang og velfortent kaffistund. Kurset går over åtte kveldar og me har att to øvingskveldar før deltagarane er utlærte. Oppmodinga til alle røynde springardansarar er difor: Byd opp og ta vare på alle nye dansarar på framtidige dansefestar!

***Knut Aa. B.***

### **LANDSKAPPLEIKEN 2005 PÅ RØROS**

Påmeldingsfrist for deltagarar er 15. mai.

Meir info på [www.landskappleiken.no](http://www.landskappleiken.no)

### **LANDSFESTIVALEN 2005 I SØR-FRON**


Påmeldingsfrist for deltagarar er 5. juni.

Meir info på [www.landsfestivalen.no/2005](http://www.landsfestivalen.no/2005)

Drypande ferske nettsider: [www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no)

## Nyttige namn og nummer

Lag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiletelefon	E-post
Begnaliom spel- og dansarlag	Stein Ivar Øvergård	61 34 70 05 (p)	913 66 177	
Etmedal spel- og dansarlag	Bergljot Hedda Lunde		907 38 788	bhedda@hotmail.com
Valdreskvævelven spel- og dansarlag	Kari Hagaseth	61 36 82 27 (p)	988 57 553	
Valdreslaget i Oslo	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)		elisabeth.bring@c2i.net
Vestre Slidre spel- og danselag	Astrid Olga Bråten	61 34 33 14 (p)	900 64 316	astrid.bråten@sensewave.com
Værflaumen spel- og dansarlag	Halgeir Rogstad / Gunnar Kværne Amundsen		996 07 878 / 971 85 725	lauskar@hotmail.com
Oystre Slidre spel- og dansarlag	Jorunn Nordli	61 34 22 66 (p)	418 02 584	jorunn.nordli@posten.no
Valdres Folkemusikklag	Oddrun Hegge	61 36 56 52 (p)	920 32 228	audrun@frisurf.no
Jørn Hilmene-stemmet	Ola N. Døvre	61 36 36 72 (p)	911 23 185	ola.dovre@liscall.no
Strunkeveko	Aud Søyland	61 36 25 56 (p)	990 37 584	aud.soyland@eunet.no
Krullarkro	Knut Aastad Bråten		907 68 797	lauskar@hotmail.com
Valfag i tradisjonsdans	Tone Voldhaug		992 33 979	tvoldhaug@hotmail.com
Vfl og Jørn Hilmene-stemmet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71 (a)	vfl@sensewave.com	
Strunkeveko, dagleg leiar	Stian Roland	61 36 46 71 (a)	994 48 486	leiar@strunkeveko.com
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kværne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no
Landslaget for Speltemenn	Randi Skeie Ljones	61 26 10 42 (p)	995 22 538	
L/S dagleg leiar	Magnar Sundt	22 42 45 30 (a)	950 85 647	lfs@folkemusikk.no



### RETURADRESSE:

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES